



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

N V E

Nottveit Energi
v/Einar Sofienlund
Ånnerudskogen 2A
1383 ASKER

Vår dato: **20 DES 2011**

Vår ref.: NVE 200700908-20 ki/oegr

Arkiv: 312 /064.3

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Magne Geir Verlo

22 95 95 34

Nottveit Energi

Oversending av løyve til bygging av Nottveit kraftverk i Nottveitelva . Modalen kommune i Hordaland

Vi syner til dykkar søknad datert 19.september 2006 og planendringar seinast 03.05.2010.

Vedlagt oversender NVE løyve til bygging og drift av Nottveit kraftverk med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova. NVE har avslage den delen av søknaden som omfattar regulering av Nedre og Øvre Sætervatn og overføring av elva frå Storebotn.

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagde KI - notat nr 62/2011 - Bakgrunn for vedtak. NVE syner særleg til merknadene til vilkåra i notatet.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld bygging av Nottveit kraftverk og tilhøvet dette har for dei allmenne interessene i vassdraget.. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til eventuelt andre som har rettar i området.

NVE sine sakshandsamarar når det gjeld godkjenning av detaljplanar for landskap/miljø og tekniske planar for dam/trykkør er høvesvis Ole Per Schei (ops@nve.no) og Oddvar Indrebø (omin@nve.no). Vi viser elles til NVE si rettleiing 1/2008 "*Veileder for planlegging, bygging og drift av små vassdragsanlegg med konsesjon*" som finst på <http://www.nve.no/miljotilsyn>. NVE understrekar at det ikkje må setjast i gong noko anleggsarbeid før ovanfornemnde planar er godkjende av NVE. Vi minner om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

Når kraftverket vert sett i drift, skal skjema for melding om idriftsetting av vasskraftverk fyllast ut og sendast til NVE. Skjemaet er tilgjengeleg på NVE sine internettsider.

NVE gjer merksam på at den som ønskjer å starte kraftproduksjon minst ein månad før kraftverket vert starta skal registrere verksemda i det tolldistriktet der verksemda har sin forretningsstad, jf. reglar frå Toll- og avgiftsdirektoratet. Registreringsplikta gjeld for kraftproduksjon i aggregat med generator som har ein merkeyting på 100 kVA eller meir. Kraft produsert i slike anlegg er avgiftspliktig. Gjeldande

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsviein 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



retteiær for forbruksavgift på elektrisk kraft finst på www.toll.no. Meir informasjon kan ein få ved å kontakte næraste tollstad.


Energilova


I tillegg til vedlagde konsesjonen etter vassressurslova må ein ha nødvendig løyve etter energilova før utbygginga kan starte. Samstundes med innsending av detaljplanar må det liggja føre ei endeleg avklaring frå netteigar om at det er ledig kapasitet i lokalt og overliggande nett. I tillegg må tilknytning av høgspenitanlegg vere avklara med områdekonsesjonær. NVE vil ikkje godkjenne detaljplanane før dette ligg føre.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerar dei interesser som saka vedkjem). Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing


Øystein Grundt
seksjonssjef


Magne Geir Verlo
senioringeniør

Vedlegg: Vassdragskonsesjon for bygging av Nottveit kraftverk
KI-notat nr 62/2011

Kopi m/vedlegg: Modalen kommune, Postboks 44, 5729 Modalen
Hordaland fylkeskommune, Strategi og næringsavd., Postboks 7900, 5020 Bergen
Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernnavd, Postboks 7310, 5020 Bergen
Statens vegvesen Region Vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger
Bergen Turlag, Tverrgt. 4/6, 5017 Bergen